



# Prinsipp for nyskapande og berekraftig arealforvalting i jærregionen

**Prinsipperklæring I om jordvern og bustadbygging:**

Ja, me kan både verna matjorda og bygga for ei veksande befolkning!

**Prinsipperklæring II om næring, natur-/kulturvern og friluftsliv:**

«Privat eigedom. Velkommen!» Eit dialogbasert verdiskapingsprogram for jærlandskapet

© Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling 2015

Arbeidsrapport nr. 3, 2015

ISBN 978-82-93079-15-6

Jærsmiå,

v. Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

Postvegen 213

4353 KLEPP STASJON

Tlf.: 51 79 94 00

Epost: post@hlb.no

# Jærsmiå

Prinsipp for nyskapande og berekraftig arealforvalting i jærregionen

Dag Jørund Lønning (redaktør)

HLB Arbeidsrapport 3, 2015



# Innhald

Om Jærsmiå	7
Arbeidet med Jærsmiå sine prinsipperklæringer	8
Prinsipperklæring I om jordvern og bustadbygging	11
Prinsipperklæring II om næring, natur-/kulturvern og friluftsliv	15





# Om Jærsmiå

*Dialogforumet Jærsmiå består av sentrale og profilerte representantar for landbruk, boliignæring, næringsforening, forsking, friluftsorganisasjonar og verneinteresser i jærregionen.*

*Jærsmia brukar dialog som konfliktløysings- og utviklingsverktøy. Der «diskusjon» er å vinna over motpart med ord, er dialog å utforska felles verdiar og samskapa nye løysingar.*

## Medlemmer i Jærsmiå fase 1

### Dag Jørund Lønning

Professor/rektor Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) - prosjektleiar

### Cato Østerhus

Medeigar ØsterHus-gruppen

### Ane Mari Braut Nese

Ordførar Klepp

### Hadle Nevøy

Landbruksdirektør i Rogaland

### Arne Sæbø

Bioforsk Vest

### Ingve Berntsen

Bonde Nærbo

### Elin Schanche

Fylkespolitikar

### Sigve Hebnes

Adm. Dir. Kruse Smith

### Harald Minge

Adm. Dir. Stavanger Næringsforening

### Arne Berge

Bonde, Time

### Kolbjørn Anda

Bonde, Randaberg

### Arnvid Norstrand

Daglig leiar, Selvaag Bolig

### Karen Fosså Handeland

Bonde, Sandnes

### John Gunnar Johnsen

Fylkeskultursjef Rogaland (med til januar 2015)

### Preben Falck

Daglig leder, Stavanger Turistforening

# Arbeidet med Jærsmiå sine prinsipperklæringer

Jærsmiå fase 1 – 2014 til 2015 – har hatt fokus på jordvern, bustadbyging, natur-/kulturvern og fri-luftsliv i jærregionen. Målet er samskaping av nye modellar og visjonar for korleis me utviklar jærland-skapet, modellar som førebygg arealkonfliktar og gir alle desse interessene utviklingsrom.

Gjennom dialog på tvers av sektorar, interessegrupper og grenser mellom det offentlege og private, har forumet m.a. utvikla to prinsipperklæringer. Erklæringane summerer opp viktige funn i «smiå» sitt arbeid, og kan danna basis for landskapspolitikk og -forvalting både på lokalt og regionalt nivå.

Erklæringane har også stor overføringsverdi til andre regionar med kamp om landskap/areal. Jærsmiå oppmodar både offentlege og private landskapsaktørar til aktivt å bruka prinsipperklæringane og til større innsats for dialog og brei involvering i arealprosessar.

- Prinsipperklæring I omhandlar jordvern og bustadbygging.  
Denne vart lagt fram på Open dialogkveld i Klepp rådhus 21 august 2014. Arrangør: Jærsmiå og Byregionprogrammet på Jæren.
- Prinsipperklæring II omhandlar natur-/kulturvern, friluftsliv og næring.  
Denne vart lagt fram på Open dialogkveld i Klepp rådhus 29 april 2015. Arrangør: Jærsmiå og Byregionprogrammet på Jæren.

Meir om Jærsmiå og dialogarbeidet: [www.dialogportalen.no](http://www.dialogportalen.no)

Meir om dialogbasert utvikling som verktøy:

Lønning, Dag Jørund 2014: Dialogbasert utvikling. Manual for lokalt mobiliseringsarbeid og demokratiforneyng. Bryne: Jæren forlag.





## **Prinsipperklæring I: Jordvern og bustadbygging:**

# **Ja, me kan både verna matjorda og bygga for ei veksande befolkning!**

*To sentrale utfordringar må løysast for å senka konfliktnivået og for å kunna etablera breie samarbeid om nye, berekraftige, løysingar:*

### **Utfordring 1: Manglande dialog**

Manglande dialog mellom interessentane i jærlandskapet kan føra til stereotypiserte førestillinger, misforståingar og etter kvart konfliktar.

Aukande sektorisering (kvar aktør utviklar eigne arenaer, og snakkar primært til sine eigne) og aktiv interessepolitikk, har ført til eit høgt konfliktnivå i mange arealsaker i jærregionen. Slike konfliktar er både ressurskrevjande og øydeleggjande for mål om gode, inkluderande arealprosessar med brei deltaking.

Eksisterande offentlege prosessverktøy, tufta på t.d. høyringar (inn) og informasjon (ut), er ikkje tilstrekkelege til å etablera arealprosessar med brei forankring, eigarskap og medverknad.

Innsigelsesmyndigheter kjem for seint inn i prosessane. Dette medfører at utviklingsaktørar må bruka store ressursar på utvikling/planlegging, for så å risikera å måtta starta heilt på nytt ved offentleg innseining.

## **Ein kan skapa betre prosessar gjennom:**

- Tidleg identifisering og involvering av sentrale interesser må prioriterast høgt i kompliserte arealsaker.
- Relevante styresmakter bør/må involverast så raskt som råd i prosessen for å tydeleggjera handlings-/mulighetsrom (t.d. i utbyggingssaker).
- For meir effektivt å kunna førebygga/løysa arealkonfliktar, må prosessverktøy som vektlegg deltaking/integrering på tvers av sektorar og interesser (horisontal involvering av både offentlege og private aktørar) utviklast og takast i bruk.
- «Prosessar» er ikkje offentleg eigedom, men felleseige for alle involverte aktørar (private og offentlege). Aktørar

som kjenner reelt eigarskap i ein prosess vil bli meir effektive også på gjennomføringssida.

- Dialog som metode, slik dette no blir utvikla i Jærsmia, kan vera veleigna som prosessverktøy. Jærsmia involverer bønder, boligbyggjarar, frilufts- og verneinteresser, lokale og regionale styresmakter på like fot. Dialog skaper tillit på tvers, den byggjer ned stereotypiar, den avslører misforståingar, og gjev rom for at både utfordringar og løysingar kan delast mellom aktørane.
- Kunnskap er ein viktig føresetnad for dialog. Dialogkonferansar (med alle involverte aktørar) bør brukast som utgangspunkt for arbeid med større områdeplanar og i komplekse arealsaker.



## **Utfordring 2: Uklare signal om disponering av areal**

Både landbruk og bolignæring er arealkrevjande næringar og difor svært avhengige av langsiktige arealdisponeringar. I den grad ein oppfattar politiske signal som utsydelege når det gjeld slike disponeringar, gjer dette langsiktig planlegging vanskeleg. Dette medfører utfordringar for begge næringar:

I mangel på større utbyggingsområde og/eller klare nok signal om kvar ein kan/ikkje kan bygga, gjev spreidde opsjonsavtalar med individuelle grunneigarar utbyggjarar ei slags sikring for framtidig byggeland. Dette er svært usikre investeringar. Forpliktande, langsiktig disponering av store nok areal til utbygging, vil fjerna grunnlaget for spekulative opsjonsavtalar.

For bonden kan uvisse knytt til framtida for eige arealgrunnlag påverka investeringsviljen og gje mindre tru på framtida til eiga næring. Det kan også oppstå eit uakzeptabelt krysspress for den enkelte grunneigar (valet mellom privatøkonomisk gevinst ved å selja og omsynet til landbruk og berekraftig forvalting av matjord).

### **Viktige prinsipp for berekraftige løysingar:**

- Matjord er ein ikkje fornybar ressurs, og matjorda på Jæren er landets viktigaste. Den vil vera avgjerande for matproduksjon til ei veksande befolkning både i notid og framtid. Eit aktivt landbruk er også sentral for regionen sitt sær preg og landskapet sin attraktivitet for andre brukargrupper. Matjorda på Jæren må sikrast gjennom langsiktig, forpliktande vern og drift.
- Jærregionen er blant områda i landet med raskast folkevekst. Det er stort behov for nye boligar. Det må leggjast til rette for at regional vekst kan halda fram, gjennom fortetting, transformasjon, og, ikkje minst, ved å – så fort dette let seg gjera – opna opp nye, større, utbyggingsområde som ikkje ligg på matjord.
- Mål om ekspansiv mat- og boligproduksjon treng ikkje vera i konflikt. Tilrettelegging for offentleg kommunikasjon og god infrastruktur inn mot nye – store nok – utbyggingsområde som ikkje ligg på matjord, vil over tid gje effektivt jordvern og meir forutsigbare rammer for både landbruk og byggenæring. Dette vil og vera beste sikring for at langsiktig grense landbruk ikkje blir utfordra.
- Næringsliv, utbyggjarar, frivillig sektor og det offentlege er på same lag. Forpliktande, langsiktig dialog og samarbeid mellom involverte interessentar, vil gi ei betre og meir heilskapleg utvikling.
- Dialogutvikla, langsiktige planar må vera forpliktande for alle involverte partar.



**Prinsipperklæring II: Om næring, natur-/kulturvern og friluftsliv:**

## **«Privat eigedom. Velkommen!» Eit dialogbasert verdiskapingsprogram for jærlandskapet**

*Jærlandskapet er eit av landets viktigaste produksjonslandskap. Samtidig aukar opplevingsbruken av landskapet for kvart år. Verneinteressene er også sterke. Potensialet for konfliktar er difor stort. For å løysa noverande konfliktar og førebygga nye, er det behov for køyrerelar for korleis bruks- og opplevingsinteresser kan foreinast.*

**Jærsmål føreslår:**

- Planlegging for fleir bruk
- Vern gjennom bruk
- Verdiskapingspotensialet i møtet mellom bruks- og opplevingslandskap må utgreiaast og utviklast
- Forvaltingsregime må vera dialogbaserte med brei medverknad frå brukargrupper

## Fleir bruk må vera hovudregel – ikkje unntak

Stadig fleire aktørar og brukargrupper søker utviklings- og bruksrom i jærlandskapet. Talet på fritidsbrukarar stig i takt med befolkningsauken i regionen. Vernesakene er også mange, og det blir stadig meir areal med ulike former for verne-restriksjonar.

Kampen om areala vert difor meir intensiv år for år. Det samla arealet er for lite i utstrekning til at dei ulike brukargruppene kan skiljast på ein effektiv måte. Utøver behovet for å sikra rommet for matproduksjonen, bør ein i liten grad setja av areal eksklusivt til berre ein bruk.

I staden føreslår Jærsmia at fleir bruk blir gjort til sentralt prinsipp i framtidig planlegging og areal-disponering for vern og friluftsliv. Eit slikt prinsipp vil (a) sikra meir arealeffektiv bustadbygging (og slik minka press på matjord), (b) hindra overfor-bruk av enkeltområde (med naturskadar som resultat), (c) leggja enno betre til rette for at dei rike natur-/kulturverdiane i jærlandskapet kjem fellesskapet til gode, og (d) gje ei forvalting med fleire aktørar og breiare forankring.

### Prinsipp for berekraftige løysingar:

- Berre informerte landskapsbrukarar vil bli effektive forvaltarar. Det er behov for meir, betre og oppdatert informasjon om verneobjekt, verneområde og vernebehov i jærlandskapet. Mange stader er denne informasjonen ikkje-eksisterande.

- Det er lokale eksempel på at grønt-/friområde og område som er botnlagde grunna automatisk freda kulturminne (rydnings-/gravrøyser) ligg side ved side i utbyggingsområde. Dette fører til at utbyggingspress utanfor det disponerte arealet, og det kan gi inntrykk av at kulturminne ikkje skal gjerast tilgjengelege for fellesskapet. Jærsmia føreslår at areal med registrerte kulturminne i størst mogleg grad bør innlemmast i grønt-/fri- og turområde. I utbyggingsområde vil dette frigjera areal til fortetting av boligar. Det vil og sikra at kulturminne kjem fellesskapet (som også er eigar!) til gode. Slik fleir bruk vil gje fleire menneske kunn-skap om det lokale landskapet si kulturhistorie. Fleir bruk vil og medføra at fleire held øye med den fysiske tilstan-den til kulturminna.
- Dei same argumenta for fleir bruk kan gjerast gjeldande for naturvern-/forvalting. Berre unntaksvis, i heilt spesielle vernesaker, bør ein fråvika prinsippet om fleir bruk.
- Næringsretta transportårer i landskapet, t.d. traktorvegar, bør som prinsipp kunna brukast som turvegar. Dette vil gje betre finansiering for bonden når vegen skal byggjast, og betre landskapstilpassing for turgåaren. Jærsmia har fått informasjon om at det enkelte stader blir stilt krav om opprettning av tursti ved sida av ny traktorveg. Dette er meiningslaus arealsløsing, og kravet bør leggjast bort umiddelbart.



## Landskapsvern- område

Område verna i medhald  
av lov om naturvern

MILJØVERNDEPARTEMENTET

Område fredet i medhald  
av lov om naturvern

MILJØVERNDEPARTEMENTET

## Vern gjennom bruk

Jærlandskapet er utvikla gjennom intensivt bruk over mange generasjonar. Alt tyder på at arealbruken vil bli enno meir intensiv. Aukande folketal, både regionalt og nasjonalt, stiller krav om auka matproduksjon. Byar og tettstader veks, og dette medfører langt fleire opplevingsbrukarar. Behovet for ny infrastruktur og modernisering av eksisterande, får og store arealkonsekvensar.

Verneinteresser må i stadig større grad sameksistera både med eit aktivt, intensivt landbruk, og med eit veksande tal fritids- og opplevingsbrukarar. Skal vern/forvalting av kultur og naturverdiar gjerast effektivt i ein slik samanheng, må både bønder og opplevingsaktørar trekkjast aktivt inn i planlegging, utvikling og gjennomføring.

### Prinsipp for berekraftige løysingar:

- I jærlandskapet bør «vern gjennom bruk» vera hovudprinsipp både i frivillig vern og i saker der nasjonalt regelverk trer i kraft. Prinsippet kan omsetjast til praksis gjennom tidleg dialog, der arealeigarar og aktive landskapsbrukarar blir inviterte til å koma med innspel for korleis forvalting/vern kan inkorporerast i noverande arealbruk på ein skånsam måte.
- Vernestrategiar som ikkje er forankra hos aktive brukarar av landskapet i det involverte området, vil verken vera effektive eller berekraftige over tid. Forvaltingsregimet for svarthalespoven som prioritert art er eit godt og nyleg lokalt døme. Her freista ein å gjennomføra eit vern ovanfrå og ned. Bønder, forvalting og fugl vart i praksis motspel-

arar, og alle vart taparar. Ein alternativ modell knytt til lokalt eigarskap, og tiltak som ikkje hindrar landbruksdrift, gagnar både bønder, forvalting, og, over tid, verneobjekt.

- Gode koplingar mellom vern og opplevingsbruk må handla om at både natur- og kulturverdiar er felles eige, felles ansvar og potensielt grunnlag for rike og lærande landskapsopplevingar. Slike verdiar skal visast fram og engasjera, ikkje gøymast bort.
- Det skal svært gode grunnar til å fråvika prinsippa «fleir-bruk» og/eller «vern gjennom bruk». Omsyn til særleg sårbare naturverdiar eller kulturminne kan vera ei slik grunngjeving. I dei få tilfelle der dette eventuelt er aktuelt må det tydeleg opplysast om grunngjeving, og publikum må aktivt oppmodast om å visa særleg omsyn.



## Behov for eit verdiskapingsprogram for jærlandskapet

Eit landskap er ein mangfaldig møtestad for menneske, verdiar, idear og bruksmåtar. Eit landskap kan difor definerast som ein pågåande prosess der det heile tida vert skapt nye verdiar for framtida.

Verdiskapingspotensialet i møtet mellom eit tradisjonelt produksjonslandskap og eit framveksande opplevingslandskap kan likevel gjerast langt meir eksplisitt. Jærlandskapet er både landets viktigaste jordbruksareal OG eit av dei mest populære og mest brukte fritidslandskapa. Politikk og forvalting har vore opptatt av konfliktpotensialet i dette møtet. Forskingsarbeid i samband med jærsmieprosjektet har synt at mange bønder oppfattar byvekst først og fremst som problem, og aukande turbruk av landskapet som stresskapande og auka arbeidsbelastning. Bønder opplever å måtta «leggja til rette for meir trakk utan å få noko att for det». På den andre sida oppfattar fleirtalet fritidsbrukarar bønder/grunneigarar som mindre interesserte i å leggja til rette, og difor som hindringar for friluftslivet si utvikling.

Det vert og fleire opplevingsbrukarar med særinteresser i jærlandskapet. Døme er surfarar, kitarar, fuglekikkarar, terrengsyklistar, mm. Slike grupper har gjerne spesielle «hotspots» i landskapet, stader som byr på heilt spesielle utfordringar og/eller opplevingar. For grunneigar kan det å ha ein «hotspot» på eller i nærleiken av eigen eigedom gje ekstra ferdsle og difor oppfattast som særleg belastande.


Mange utviklingstrekk vitnar om eit stort behov for dialog. Dialogarbeidet må ha som eksplisitt målse-

tjing å identifisera og utvikla nye potensial for sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping i møtet mellom «bymann» og «bonde» – mellom oppleveling og produksjon. Fokuset blir flytta frå einbruk til fleirbruk og mangfold. Eit godt møte mellom bonde og turbrukar, gjer at landbruket får fleire ambassadørar ut i «storsamfunnet». Dette er avgjerande verdiskaping over tid for ei næring med behov for kollektiv legitimitet. Verne- og friluftsinteresser må også skrivast inn i og gjevast rom i visjonen om det verdiskapande jærlandskapet.

Realisering av ein verdiskapingsvisjon krev likevel nytenking. På låg-Jæren består mykje av opplevingslandskapet av privateigd areal, gjerne innmark i aktiv drift. Dette arealet er i produksjonssesongen unntake allemannsretten. Skal slikt areal fungera som ein møtestad må det utviklast modellar der både grunneigar og opplevingsbrukar får noko att. Det kan vanskeleg stillast større krav til aktive bønder om å leggja til rette for friluftsbruk dersom ein ikkje også opnar for at bonden kan få meir gevinst.

Jærsmiå ønskjer difor ein open og fordomsfrei dialog om landskapsbasert produkt-/tenesteutvikling, samt verdiskapingspotensial i og ringverknader av å stimulera til/leggja til rette for private betalingsordningar. Me ser alt nokre få lokale døme, ikkje minst knytt til private parkeringsplassar. Samtidig er det ingen ting i vegoen for å kunna ta betalt for tilgjenge til spesielt tilrettelagde ferdslærarar på innmark. Betalingsløysingar kan gje bonden økonomisk insentiv til å leggja betre til rette for friluftsbruk.





## **Prinsipp for landskapsbasert verdiskaping:**

- «Privat eigedom. Velkommen!» er ein god visjon for å utvikla landskapsverdiar for både brukar og grunneigar på privat grunn. Visjonen krev utviklingsvilje og openheit frå bønder/grunneigarar. Frå opplevingsbrukar krev den varsemd, og respekt for privat eigedom, landbruksdrift, og for kringliggande landskap og landskapsverdiar. Frå oftentleg forvalting krev den meir openheit for mangfaldet av ressursar og potensial i jærlandskapet.
- Auka tilrettelegging kan opna for betalingstenester (t.d. tilkomstvegar, parkering, etc.). Gardsbasert tenesteproduksjon, som t.d. mat/overnattning, bør også vera mogleg. Opplevingsbrukarar med særinteresser er ofte kjøpesterke grupper som brukar mykje pengar på eigen hobby/livsstil. Ein slik strategi vil kunna (a) samla ferdslé mot nokre få område, (b) gje grunneigar/lokalsamfunn eit inntektpotensial, og (c) gjera landskapsopplevinga enno rikare for brukaren.
- Nokre bønder vil ha større interesse for å leggja til rette for friluftsbruk enn andre. Større bruk av og aksept for enkle betalingsløysingar vil kunna kanalisera ferdslé mot dei som ønskjer å leggja arbeid ned i tilrettelegging.
- Dei store kultur- (materielle og immaterielle) og naturverdiane i regionen, representerer rike ressursar for verdiskaping, både sosial, kulturell og økonomisk. Det må leggjast betre til rette for utvikling av nye produkt og tenester basert på dette ressursgrunnlaget. I dag er det for mykje fokus på «vern» og for lite på «bruk». Dette skaper avstand. Ein verdiskapingsplan knytt til bruken av natur-/kulturverdiane i jærlandskapet bør vera ein naturleg del av eit verdiskapingsprogram.
- Grunneigar som tek aktivt forvaltaransvar for natur-/kulturverdiar skal premierast, ikkje «straffast». Eit slikt prinsipp vil gje fleire aktive forvaltarar, og føra til at ein unngår fleire «svarthalespovesaker».

## Ei meir dialogbasert forvalting

Prinsipp om fleir bruk / vern gjennom bruk og visjonen om auka landskapsbasert verdiskaping, er berre mogleg å realisera gjennom ei landskapsforvalting som er tufta på dialog mellom private og offentlege aktørar, grunneigarar og brukargrupper.

Dialogbasert arealforvalting er samordning av offentleg verkemiddelbruk og samskaping av verdiar, mål og visjonar på tvers av interessegrupper, forvaltningsnivå og sektorgrenser. Det er tidleg og brei involvering med mål om å gje eigarskap og ansvar til fleire aktørar. Når same areal skal brukast av fleire grupper er dette den naturlege og minst konfliktskapande forvaltingsmodellen. Modellen er også effektiv når ein er avhengig av (for ei effektiv forvalting) at arealbrukarar viser forvaltingsansvar.

Målet er å finna løysingar som alle aktørar kan vera del av, løysingar med felles eigarskap og ansvar. Gjennom dialog får ulike aktørar høve til å skriva seg inn i oppgåva, å gjera denne til si.

### Prinsipp for berekraftige løysingar:

- Dialogbasert forvalting har som mål å utvikla berekraftige forvaltingsregime der offentlege og private aktørar deler både eigarskap og ansvar for gjennomføring. Det velkjende slagordet «Gjer di plikt – krev din rett!» kan brukast som ei oppsummering av den medverknad og ansvarsfordeling modellen søker å oppnå. Gjennom bruk av dialog som verktøy skal dei enkelte aktørar/interessentar sine «rettar» og «plikter» konkretiserast, og slagordet omsetjast til praksis.
- Dialogbasert forvalting for fleir bruk handlar difor om effektiv fordeling av rettar og plikter. Den gode forvaltingsmodellen har mange eigarar med ansvar, og difor også mange utførarar. Interessegrupper som ikkje er villige til å ta forvaltingsansvar, kan heller ikkje krevja å bli tatt særlig omsyn til i arealplanlegging.
- Som prinsipp skal prosessar «eigast» i fellesskap av dei aktørar, offentlege og private, som deltek. Involvert offentleg myndighet si rolle blir primært å leggja til rette for prosessen og å synleggjera mulegheitsrom i forhold til eksisterande planverk og lover/forskrifter.
- For å kunna planleggja for fleir bruk som prinsipp i arealdisponeringssaker, må interessentar kartleggjast, involverast og ansvarleggjeraast så tidleg som råd i prosessen. Ulike interessegruppene sine arealbehov må registrerast, og dialog må nyttast som verktøy for å kunna samskapa arealbruksmodellar der behov støttar opp om kvarandre framfor å vera i konflikt.

- Det er fleire lokale døme på at direkte involverte grunn-eigarar/lokalsamfunn først vert informerte etter at vedtak om nye verne-/forvaltingsregime er fatta. Dette kan skapa mistillit, därlege samarbeidsforhold, og difor, til sjunde og sist, lite effektiv forvalting. Som hovudregel skal forvaltings-/verneregime utviklast nedanfrå og opp, og vera forankra i eit sterkt lokalt eigarskap og tydeleg definerte lokale aktørar.
- Lovpålagt vern, t.d. etter kulturminnelov eller naturmangfaldlov, kan vera krevjande å utøva i eit aktivt brukslandskap med knappheit på areal. I slike vernesaker er behovet for tidleg dialog særleg stort. Dialogen må tydeleggjera lokalt handlingsrom og gje grunneigarar/interessentar rom for å kunna byggja omsyn til verneobjekt inn i etablert landskapsbruk. Jæren sin nasjonale posisjon som matkammer for noverande og komande generasjonar må tilleggast særleg vekt i eventuelle vernekonfliktar.
- Parkar og bynære grøntareal er viktige for trivsel og folkehelse. Samtidig er det ein tendens til at slike blir utvikla etter standardiserte «oppskrifter» utan særleg lokal involvering. For at slike anlegg skal bli enno meir brukt, bør lokalbefolkning trekkjast meir inn i planlegging, utforming og utvikling. Tidleg dialog med lokalbefolkning vil gje signal om lokale behov. Dialog vil og kunna medverka til at eigarskap og forvaltingsansvar blir fordelt på fleire.





**Dialog er å delta!**

**Dialog er å skapa!**

**Dialog er å dela!**



## Om Jærsmiå

Dialogforumet Jærsmiå består av sentrale og profilerte representantar for landbruk, bolignæring, næringsforening, forsking, friluftsorganisasjonar og verneinteresser i jærregionen.

Jærsmia brukar dialog som konfliktløysings- og utviklingsverktøy. Der «diskusjon» er å vinna over motpart med ord, er dialog å utforska felles verdiar og samskapa nye løysingar.

ISBN 978-82-93079-15-6